Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss.

Emne: Skav. | Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar E. Østhus, | Gard: Østhus,

(adresse): Reimegrend. | G.nr. 141 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 og 2. Det var kvart år nytta skav attåt höyet. På sume gardar skov dei all den veden dei brukte. Og det er hermt etter dei gamle driftekarane at det var ikkje so fårleg um ei kyr var mager, vis ho berre hadde fenge godt av skogen inntil höyet, slike kyr vart fordare feite um sumaren. Har ikkje höyrt anna namn enn skav, beit, bostalyng, rinsmose og klomose.

3. Han sat og skov, eller seto å skjevo. Dei skove eller drei med skaving.

4. Det var vanleg for 20 år sidan (1949) at det vart skave noko kvart år. I godfar sin ungdom (han var född 1860) vart det nytta mykje skav og beit til krötur för. Og i krigsåri 1940-1945 vart det nytta mykje skav og beit på gardane her

3480

5. Til skav vart det nytta raun og osp og noko björk. Det var rauner som var helden gjævaste. Det er i heroming etter ein bonde her, at han hadde vore åt Honndalen etter two pund smör, då han kom or Honndalen med eit raunelass.

6. Kvistane av raun og osp, vart hogde upp i ei lengd av 50-60 cm, det vart kalla for mork, når dei var skavne var det kalla for „skjevla"

7. Det har vore fleire rim i eldre tid um skavet, men har ikkje fenge tak i noko.

8. Kyr, geit og smale fekk skav, og dei fekk det som ein etterpå smak.

9. Dei fekk meir smör av rauneskavet og finare farge.

10. Det vart hogd ved med tankje på skaving. Når dei nytta raun til hesgjåtro, vart skavet altid nytta til for. Men var det björke tro til hesgjar, tok ein ikkje nevri av og dette skavet, let dei liggja til det var turt og so vart det nytta til kveigsla.

11. Dei var i markaskog eller var

3480
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

andre blad



eller mork, vart no helst sagt um osp.

12: Mork.

13. Ordet marka har vore nytta noko før, og det tydde att dei samla for.

14. Når det høvde best med føri, Har ikkje høyrt at det var rekna for verre enn anna skogsarbeid. Godfar fortalde at sume brukte det i hans barndom (umkring 1870) å henta heim beit eller skav langfredagsmorgon på fastande hjarta, det var karaarbeid, men dei tok gjerne med noko av ei maurtuva til å maura gjentone med (hadde noko av maurtuva med maur i uppi senggi til gjentone).

15. Når det leid fram mot våren sat dei gjerne ute i tunet og skov medan soli stod uppe. Før på vintren sat dei inne i stova og skov

16. Til småmorki nytta dei skavkniv, som oftast var laga av ein ljå, som kjørte var avbrote på. Dei hadde då sett eit beint skaft på den breidaste enden, umlag som på ein kniv, den andre enden var det laga ein krok på, til å hekta um skjeveden i skavkrakken eller

3480

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„skavbokkjen" som han og vart kalla.
Skavkrakken var ein trestokk med
tripotor og ei liti stong til å hekta
skavkniven mot, oftast fyrste skjevlen
som vart sett i krakken. Men til
alnakubbar vart det brukt banda-
kniv

17. Når det vart skave hesgjatro, vart
troona sette fast i ei treskrua i
vjuse (vedhuse) og skavne med banda-
kniv. Småmorki vart skavi, på
den måten at ein sat på skavkrakkjen
og helt skavkniven mot ein skjev-
le i krakkjen og so heldt ein skjev-
len i venstre hondi, og føre han
at og fram mot hjåen. Sume had-
de sett ein skjevle med i eit hol
i store krakkjen.

sjå 16. Ath.

Når dei skov alnakubb
sat dei med kubbane i fange og
skov med bandakniv, halve kub-
ben fyrst, den enden som var
næraste bringa og so endabytte dei.

18. Ukjent her med slik stong.

19. Alnakubbane sat dei med i fange,
som nemnt, sjå 17. Småmorki skov
dei, ved å setja på skavbokkjen
sjå 16. Men han godfar kunde
hugsa at han i 1870 åri såg sume
som skov småmorki med ei skjøva
ved å setja pinnen (den som skulde

3480

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Midjeblad.

skavast ) ved på laret, og so skov dei øjsk enden og so endevende dei skjevlen, umlag som på belete i Folk og Fortid i Hol, band 2 side 66 berre at i Hol er nytta ein krakk til å setja skjevlen mot.

Denne skavmåten må ha vore nytta her før, for det har vore fleire slike skjövo her.

20. Skjevlar, skavkubbar, var det store kubbar som boken var skaven av um våren då det svadde, var kubbane kalla for „savallskubbå"

21. Det var skav og skavblokko.

22. Det var skave altslags ved, helst i alnalengd. Men og lengre. Far henna godmor Øvsthus nytta ikkje ann ved, enn skaven ved. Han hadde gard på Brekke på 1860 til 1890.

23. Kjeppane vart kalla for skjevla og skjevidl. Det vart sagt at dei hadde full vagl med skjövla. Tjukke kubbar var skavkubbar.

Jfr. 20. M. 22

24 Skavet skulde vera tunt og fint. Godfar fortalde at mori hans var so redd for rauneskave, at det vilde ho helst skava sjölv, etter at ho vart kårkona.

3480

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25 Veden vart nytta til vanleg ved. Til bakstevad var ospeved som var skaven sers god.

26. Det har vore nytta noko skav heilt fram til no på sume gardar, helst no under krigen 1940–45.
Skal próva å senda dykk eit belete av ein skavbokk, kniv, skjóva og bandakniv.

3480

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING